

Saksbehandlar: Ingeborg Lie Fredheim, Opplæringsavdelinga  
Sak nr.: 14/3231-8

## **Delegering av mynde til å gjere endringar i vedtektene for Fagskulen i Sogn og Fjordane**

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:  
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Myndet til å gjere endringar i vedtektene for Fagskulen i Sogn og Fjordane vert delegert til fylkesutvalet.

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

---

### **SAKSFRAMSTILLING**

---

#### Bakgrunn for saka

Styret for fagskulen i Sogn og Fjordane vedtok i sak 12/13 å søkje NOKUT (Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen) om ei ny fordjuping i klima, energi og miljø (KEM) innanfor den godkjende fagretninga bygg og anlegg - altså ein søknad om endring av allereie godkjent studium. Søknaden vart send 13.09.13. Skulen fekk avslag på søknaden i svarbrev av 20.12.13, mellom anna med grunngjeving i at vedtektene måtte endrast på nokre punkt og at søknaden ikkje kunne reknast som ei endring av eit allereie godkjent studium, men måtte reknast som søknad om eit nytt studium. Dette er ein meir omfattande søknadsprosess.

Fylkestinget endra, på bakgrunn av dette, vedtektene for Fagskulen i Sogn og Fjordane i FT-sak 13/14 Fagskulen i Sogn og Fjordane - avklaring av ansvar og mynde, økonomiske rammer og bygningsmessige tilhøve i samsvar med tilbakemeldinga frå NOKUT.

Søknad om godkjenning av nytt studium Klima, energi og miljø (KEM) i bygningar, vart sendt NOKUT til søknadsfristen 15.09.14. Fagskulen fekk i brev av 20.11.14 nytt avslag frå NOKUT. I grunngjevinga for avslaget vert det m.a. vist til at det er behov for ytterlegare endring av vedtektene for fagskulen og at kvalitetssystemet for studiet må forbeistrast.

#### Fylkesrådmannen si vurdering

Neste frist for søknad om godkjenning av fagtilbodet er 15. februar 2015. Vedtektene for fagskulen må endrast i samsvar med tilbakemeldinga frå NOKUT før ny søknad kan sendast.

Fagskulen har nyleg fått tilbakemelding med avslag frå NOKUT og har etter det ikkje hatt tid til å førebu ei sak om endring av vedtektene for fylkestinget i desember. Erfaring viser at det kan vere behov for hyppige endringar i vedtektene. Fylkesrådmannen rår difor til at fylkestinget delegerer myndet til å gjere endringar i vedtektene for fagskulen til fylkesutvalet (generelt). I høve den aktuelle saka betyr det at FU må få vurdere vedtektene i sitt første møte i 2015 (28.01).